

# Konkurransesgrunnlag

Anskaffing etter del I  
for anskaffing av  
*Oljeutskiljar Elvaborjo*



KVINNHERAD  
KOMMUNE

1. Generell skildring .....	3
1.1 Om oppdragsgjevar .....	3
1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov.....	3
Oppdragsgjevar si skildring av leveransen følger av vedlegg 1 til kontrakt.....	3
1.3 Tidsfristar .....	3
2. Reglar for gjennomføring av konkurransen .....	4
2.1 Anskaffingsprosedyre.....	4
2.2 Offentlegheit og teieplikt.....	4
2.3 Vedståelsesfrist .....	4
3. Kvalifikasjonskrav .....	5
3.1 Skatteattest .....	5
3.2 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar .....	6
4. Tildelingskriterium .....	6
5. Innlevering av tilbod og utforming .....	7
5.1 Innlevering av tilbod .....	7
5.2 Utforming av tilbodet.....	7
6. Vedlegg.....	7

# 1. Generell skildring

## 1.1 Om oppdragsgjevar

Kvinnherad kommune er oppdragsgjevar for denne anskaffinga.

Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:

Namn: Tore Nerhus

E-post: [tore.nerhus@kvinnherad.kommune.no](mailto:tore.nerhus@kvinnherad.kommune.no)

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen.

## 1.2 Skildring av oppdragsgjevar sine behov

Oppdragsgjevar si skildring av leveransen følger av vedlegg 1 til kontrakt.

## 1.3 Tidsfristar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Eventuell tilbudsbefering/tilbudskonferanse	12.09.2023 kl. 11:00
Tilbudsfrist	20.09.2023 kl. 11:00
Tilbudsopning	20.09.2023 kl.12:00
Evaluering	Veke 38
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 39
Kontraktsinngåing	Veke 39
Tilbudet sin vedståelsesfrist	3 mnd frå tilbudsfrist
Frist for ferdigstilling	30.11.2023

Det vert gjort merksam på at tidspunkt etter tilbudsfris er førebels og kan bli justert. Ei eventuell forlenging av tilbudet sin vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

## 2. Reglar for gjennomføring av konkurransen

---

### 2.1 Prosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli utført etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegger å velje tilbod på bakgrunn av ei vurdering av tilboda slik dei føreligg ved utløp av tilbodsfrist. Dialog i form av avklaringar eller korrigeringar vil bli gjennomført i høve til dei behov som eventuelt oppstår.

Leverandøren vert på det sterkaste oppmoda til å følgje dei vilkår som er gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål om noko er uklårt i melding via gjeldande konkurransegjennomføringsverktøy (kgv)

### 2.2 Offentlegheit og teieplikt

For å lmenta sitt innsyn i dokument knytt til ei offentlig anskaffing gjeld offentleglova. Oppdragsgjevar og denne sine tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve det vil være av konkurransemessige omsyn å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. *Forvaltningsloven § 13.*

### 2.3 Oppdatering av konkurransegrunnlaget og tilleggsopplysningar

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga. Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkelig rettleiing eller er uklart, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar ved oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Dersom det vert oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette vert formidla skriftleg til oppdragsgjevar sin kontaktperson.

Skriftleg melding om tilleggsopplysningar skal merkast med namnet på konkurransen og sendast til oppdragsgjevar sin kontaktperson.

## 2.4 Vedståelsesfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbudet sitt til det tidspunktet som er gjeve opp i pkt. 1.3. ovanfor.

## 2.5 Krav om maksimalt to ledd med underleverandører

Leverandøren kan ikkje utan byggherrens skriftlige samtykke, ha fleire enn to ledd underentreprenørar i kjede under seg. Begrensning i antall ledd gjeld kun for arbeid knytt til utførelse av bygge- og anleggsarbeider og ikkje det som knyter seg til planlegging, herunder planlegging/prosjektering, rådgjeving og andre tilknytta tenester.

Innleigd personell som inngår i underleverandørs arbeidsstokk ansjåast ikkje som eige ledd i leverandørkjeden. Bruk av bemanningsselskap skal varslast byggherren og er underlagt arbeidsmiljøloven, herunder krav om likebehandling i § 14-12a. Byggherren kan bare nekte bruk der han har saklig grunn.

Ved brot på denne bestemmelsen vil Byggherren ilegge ei bot på 10 % av kontraktsverdien av det eller dei oppdrag som utførast i fleire ledd enn det som er tillatt, men ikkje mindre enn NOK 25 000 per tilfelle. Dersom forhold ikkje vert retta innan ein rimeleg frist, etter skriftleg varsel frå byggherren, vil Byggherren ha rett til å heve kontrakten.

## 2.6 Krav om tilknytning til offentlig godkjent lærlingordning

Det kreves at leverandører som er etablert i Norge er tilknyttet en offentlig godkjent lærlingordning. Leverandøren skal senest ved kontraktsignering fremlegge dokumentasjon på at bedriften er en offentlig godkjent lærebedrift. Bedriften skal i hele kontraktsperioden på forespørsel fremlegge dokumentasjon som viser at kravet er oppfylt.

## 3. Kvalifikasjonskrav

---

For å kunne få tilbudet sitt evaluert må leverandøren levere egenerklæring om at han oppfyller samtlege av dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor. Den eller dei leverandørane som vert innstilt til kontraktsinngåing må før kontrakt vert inngått dokumentere at ein oppfyller kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrav

### 3.1 Skatteattest

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandører skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsgjevaravgift og meirverdiavgift.	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.

### 3.2 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå samanliknbare oppdrag.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildring må inkludere oppdraget sin verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og epost.) Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han råder over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

### 3.3 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdighet utan krav til sikkerhetsstillelse vil være tilstrekkeleg til å oppfylle kravet.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjente regnskapstall. Ratingen skal være utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.

### 3.4 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	<ul style="list-style-type: none"> <li>♣ Norske selskap: Firmaattest</li> <li>♣ Utanlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert</li> </ul>

## 4. Tildelingskriterium

---

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen.

Vurderingstema	Dokumentasjon
Under dette kriteriet blir tilbydd pris vurdert.	Ferdig utfylt prisskjema

## 5. Innlevering av tilbod og utforming

---

### 5.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast per e-post til følgjande adresse: [tore.nerhus@kvinnherad.kommune.no](mailto:tore.nerhus@kvinnherad.kommune.no)

### 5.2 Utforming av tilbodet

Tilbodet skal leverast etter den utforming det elektroniske systemet for innlevering angir.

Det vert bede om at tilbodet vert utforma i samsvar med den disposisjon som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt vert svart på /opplyst om og dokumentert i tilbodet.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrief. (Ligger vedlagt.)
- Utfylt prisvedlegg
- Eigenerklæring om at leverandøren oppfyller alle kvalifikasjonskrav for å delta i konkurransen.
- Den leverandøren som vinner konkurransen, må i tillegg levere skatteattest og firmaattest.

## 6. Vedlegg

---

- Kontrakt m/vedlegg
- Tilbodsbrief

*Leverandøren skal fylle ut tabellen og signere under tabellen.*

Firmanamn:	
Org.nummer:	
Postadresse:	
Besøksadresse:	

Telefonnummer:	
Kontaktperson:	
Mobilnummer:	
E-postadresse:	

Ovannemnte leverandør gir med dette vedlagte tilbud på i samsvar til dei vilkår som kjem fram av konkurransegrunnlaget.

Vi vedstår oss vårt tilbud til den dato som er gjeve opp i konkurransegrunnlaget. Tilbudet kan akseptertast av oppdragsgjevar når som helst fram til utløp av vedståelsesfrist.

---

Stad/dato

---

Underskrift

---

Namn med blokkbokstavar